

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: *

Tal uprenta vedlegg: *

Transportplan for Vestlandet - Handlingsprogram 2011-2023

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet vedtek oppstart av Handlingsprogrammet for Transport på Vestlandet 2011-2023. Endeleg framlegg til Handlingsprogram skal leggst fram for endeleg handsaming i Vestlandsrådet i løpet av våren 2011. I tillegg vil Vestlandsrådet ha ei orientering om status på arbeidet i neste møte 13 januar 2011.
2. Vestlandsrådet meiner det nye handslingsprogrammet må ha særleg høg fokus på E39 Kyststamvegen. I tillegg må vedlikehald av vegkapitalen, rassikring, Stad skipstunnel og finansiering av samferdsletiltak vere sentrale tema i programmet.
3. Vestlandsrådet set av kr 150.000 til innleiing av konsulenthjelp i samband med nytt handlingsprogram.
4. Vestlandsrådet meiner samstundes at den politiske merksemda omkring samferdslepolitiske utfordringar på Vestlandet må aukast og nemner derfor opp ei eiga politiske gruppa i rådet som skal arbeide vidare med dette. Følgjande medlemmer vert nemnt opp som deltakarar i gruppa:

....., Rogaland fylkeskommune og medlem i Vestlandsrådet

....., Hordaland fylkeskommune og medlem i Vestlandsrådet

....., Sogn og Fjordane fylkeskommune og medlem i Vestlandsrådet

....., Møre og Romsdal fylkeskommune og medlem i Vestlandsrådet

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Oppsummering

Vestlandsrådet vedtok i sak VRA-21/07 Handlingsprogram 2007-2019 i samband med Transportplanen for Vestlandet. Vestlandsrådet tek no sikte på å oppdatere handlingsprogrammet gjeldande for perioden 2011-2023 i form av ein stegvis handsaming.

Den saka som vert lagt fram her, har status som ei oppstartssak. Vestlandsrådet tek sikte på ei endeleg handsaming våren 2011. Dette vil samsvare godt med oppstart av arbeidet med ny NTP. Då vil samstundes Statens vegvesen sine KVVU prosessar for E39 vere avslutta (mars 2011).

Programmet bør ha høg fokus på E39 Kyststamvegen. I tillegg må ulike finansieringsmåtar saman med rassikring og vedlikehald av vegkapitalen vere sentral. Elles vil Stad skipstunnel inkluderast i handlingsprogrammet, noko den ikkje var sist.

Framfor alt er det naudsynt med auka politisk merksemd og fokus på samferdslepolitiske utfordringar på Vestlandet, med særleg vekt på eit ferjefritt E39. Derfor rår fylkesrådmannen til at det vert oppnemnt ei eiga politisk samferdslegruppa i Vestlandsrådet i form av ein representant frå kvar fylkeskommune.

Handlingsprogrammet må elles settast saman av oppgåver som Vestlandsrådet og fylkeskommunane sjølve har hand om og innverknad på, men tiltak som i stor grad krev oppfølging av Statens vegvesen (SVV), Samferdselsdepartementet (SD), aktuelle kommunar, mfl må òg inkluderast.

Bakgrunn

Vestlandsrådet vedtok i sak VRA-21/07 Handlingsprogram 2007-2019 i samband med Transportplana for Vestlandet. Planprosessane i samband med Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023 er no i gang og Vestlandsrådet skal vere ein sentral aktør inn i desse prosessane. Eit oppdatert handlingsprogram for transport på Vestlandet må vere det sentrale dokumentet for innspel frå Vestlandsrådet til neste rullering av NTP.

I samband med utarbeidinga av det førre handlingsprogrammet bad Vestlandsrådet spesielt om at følgjande punkt vart følgt opp:

- Bruk av effektiviseringsgevinstar når ferjesamband blir lagt ut på anbod
- Vedlikehald av vegkapitalen
- Rassikring
- Ferjefri kyststamveg
- Større regional medverknad til kjøp av flyruter
- Ekspressbuss vestlandet
- Finansiering av samferdselstiltak

Prinsipp og mål for nytt handlingsprogram

For Handlingsprogram for 2011 til 2023 vil fylkesrådmannen rå til at vi fokuserer på færre handlingspunkt slik at vi samstundes får meir konsentrert merksemd på dei viktigaste samferdslepolitiske utfordringane. I det nye handlingsprogrammet vil derfor fylkesrådmannen rå til at vi fokuserer primært på E39 Kyststamvegen, vedlikehald av vegkapitalen, rassikring, Stad skipstunnel og framlegg til ulike finansieringsmåtar av samferdsletiltak.

Når det gjeld E39 Kyststamvegen, som vil ha eit særskild hovudfokus, må det òg vere mogeleg å antyde tid for realisering av ferjefri Kyststamveg, vurdere total kostnad inkludert vurdere ulike finansieringsordningar, samt foreslå organisering av eit slik arbeid t.d. i større hovudentreprisar.

Finansielle løysingar på store investeringsbehov – E39

For Vestlandsfylka er utvikling av E39 Kyststamvegen ei særskilt fanesak med verknad for heile Vestlandet. På kort sikt er det svært viktig å auke trykket for å gjennomføre ordinære prosjekt som kan bringe E39 opp til ein normalt god standard. Samstundes er det viktig å halde fram det langsiktige arbeidet der målet er ein ferjefri Kyststamveg.

Det ny handlingsprogrammet må ha særleg fokus på å finne finansielle løysingar på det store investeringsbehovet på E39. Vi må synleggjere effekten av gunstige lån med nokre gode døme. Elles vil gunstige rentevilkår vere ei viktig flaggsak, gjerne ei form for gunstige statslån, t.d. med rentenivå tilsvarande avkastningskravet på oljefondet.

Programmet må også innehalde noko om prosjektfinansiering/OPS. I arbeidet med finansieringsordningar må vi passe på å få argument frå ECON rapporten om konsekvensar for samfunn, økonomi og miljø i samband med Rogfast prosjektet (Rapport 2008 – 155) om at mellom anna store entreprisar vil gi konkurranse også frå utlandet. Dermed vil ikkje nødvendigvis få store presseeffektar i makroøkonomien.

Det kan vere grunnlag for at ein tar initiativ til å invitere til eit idèseminar om finansielle sider ved E39.

Trong for auka politisk merksemd

Det er elles naudsynt med eit auka politisk fokus og merksemd omkring samferdslepolitiske utfordringar på Vestlandet. Samferdslepolitikken må bli meir synleg, og vi må bli flinkare til å vise resultat og informere om dei prosessar som går føre seg. Derfor vil fylkesrådmannen også rå til at det vert etablert ei eiga politisk gruppe i Vestlandsrådet. Gruppa kan t.d. settast saman av eit medlem frå kvar fylkeskommune og bli knytt opp til rådet si administrative samferdslegruppa. Mandatet til gruppa bør vere knytt til utarbeiding av nytt Handlingsprogram 2011 – 2023, samt politisk koordinering, lobbyverksemd og påverknadsarbeid i tett dialog med AU. Fylkesrådmannen ser det som rimeleg at gruppa avsluttar sitt arbeid i samband med val av nye fylkestingsmedlemmer hausten 2011 og at ein evaluerer kort erfaringane ein har då.

Fylkesrådmannen lar det vere opp til Vestlandsrådet å peike ut medlemmene i gruppa.

Behov for konsulenthjelp

Fylkesrådmannen ser at det kan vere behov for konsulentbistand i arbeidet med oppdateringa av handlingsprogrammet. Norconsult vart leid inn både i samband med utforminga av Transportplana for Vestlandet og i samband med det tidlager handlingsprogrammet. Dersom Vestlandsrådet går inn for dette, vert utarbeidd eit framlegg til kravspesifikasjon med ei ramme på ca kr 150.000 og handtert i tråd gjeldande anbudsreglar. På bakgrunn av dette mottar Vestlandsrådet et pristilbod.

Framlegg til vedtak:

1. Vestlandsrådet vedtek oppstart av Handlingsprogrammet for Transport på Vestlandet 2011-2023. Endeleg framlegg til Handlingsprogram skal leggest fram for endeleg handsaming i Vestlandsrådet i løpet av våren 2011. I tillegg vil Vestlandsrådet ha ei orientering om status på arbeidet i neste møte 13 januar 2011.
2. Vestlandsrådet meiner det nye handslingsprogrammet må ha særleg høg fokus på E39 Kyststamvegen. I tillegg må vedlikehald av vegkapitalen, rassikring, Stad skipstunnel og finansiering av samferdsletiltak vere sentrale tema i programmet.
3. Vestlandsrådet set av kr 150.000 til innleiing av konsulenthjelp i samband med nytt handlingsprogram.
4. Vestlandsrådet meiner samstundes at den politiske merksemda omkring samferdslepolitiske utfordringar på Vestlandet må aukast og nemner derfor opp ei eiga politiske gruppa i rådet som skal arbeide vidare med dette. Følgjande medlemmer vert nemnt opp som deltakarar i gruppa:

....., Rogaland fylkeskommune og medlem i Vestlandsrådet
....., Hordaland fylkeskommune og medlem i Vestlandsrådet
....., Sogn og Fjordane fylkeskommune og medlem i Vestlandsrådet
....., Møre og Romsdal fylkeskommune og medlem i Vestlandsrådet